

Referat frå årsmøte i Myrkdalen Grendalag 24/5 – 2017

Det møtte 8 personar på møtet.

Årsmelding utan merknad. Det vart fremja ynskje om å arrangera quiz- kveldar igjen, dette vart ikkje gjort i år.

Det var ikkje kome inn nokon saker til styret før møtet.

Stinettet i Myrkdalen

Det vart lagt fram at det for tida er mykje vedlikehaldsbehov på fleire av stiane. Spesielt vart stien mellom Mørkve og Skjervheimstølen nemnd som problematisk med ein del rotvelt.

Ole Kristian Årmot som har vore i diverse møter med Fjellandsbyen, orienterar om at Myrkdalen Fjellandsby skal utføra diverse vedlikehaldsarbeid i sommar. Det skal også etablerast ny sti frå Årmotslia til Bygdastølsgrinda. Elles skal ein fortsatt prioritera vedlikehald på dei stiane som vert mest nytta. Det vart vedteke på årsmøtet at Grendalaget skal arrangera dugnad i sommar for å gjera vedlikehald på stinettet. Dette skal lysast på www.Myrkdalen.org og med påminning på facebook.

Løypelag

Myrkdalen Fjellandsby, andre næringsdrivande i reiselivet, idrettslaget og hytteforeningane i Myrkdalen er i gang med å etablere eit løypelag for langrennsløypene i Myrkdalen. Det er meininga at løypelaget skal stå for drift og preparering av løypenettet. Finansieringa vil dei nemnde aktørane stå for.

På grunnlag av dette er det ynskje om å senda ut blanke faktura til bebuarane i Myrkdalen, ein kan då vera med å støtta løypelaget og denne fellesgoda om mottakar ynskjer det. Ei slik betaling er heilt frivillig og vanleg praksis i dei fleste løypelag. Det var ingen av dei framømte som hadde innvendingar på dette.

Rekneskap:

Rekneskap vart ikkje gått gjennom då kasserar ikkje var til stades grunna arbeid.

Val:

Stig Erlend Jordalen – Leiar, 1 år.

Ole Kristian Årmot -- Kasserar 2 år.

Anne Grethe Mørkve – Skrivar 1 år.

Heine Berland -- Styremedlem 1 år.

Leif Børge Sausjord – Styremedlem 2 år.

Kåre Ulvund, varamedlem 1 år.

Revisor, Gudmund Furu 1 år.

Valnemnd, Lars Ove Sausjord og Kjetil Skjervheim 1 år.